



Evje og Hornnes
Kommune



Evje og Hornnes kommune

Vedtekter for bruk og forvaltning av kraftfond

Vedteken i kommunestyret 29.09.2016

§1.1 Kraftfond - Heimel, kapital og avkastning.

a. Fondskapitalen er:

Næringsfond på kr 3.150.000,- innbetalt i medhald av konsesjonsvilkåra for Byglandsfjorden, oppretta ved Kongeleg resolusjon av 14.juni 2002.

b. Avkastning er:

- Årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalt til kommunen.
- Renter og anna avkastning av fondskapitalen gjeven ved Kongeleg resolusjon.

Alle konsesjonsavgifter, renter og anna avkastning skal takast til inntekt for kraftfondet (næringsfondet) og må disponerast i samsvar med vedtektene. Fondskapitalen kan ikkje brukast til lån eller tilskott.

§ 2 Føremål.

Kraftfondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsføremål, som for eksempel bedriftsstøtte, tilrettelegging for næringsutvikling i regi av kommunen, stadutvikling, ulike typar utviklingsarbeid med meir. Fondet kan og nyttast til kommunale investeringar i varige driftsmiddel.

Fondsmidlane kan ikkje nyttast til å dekke dagleg drift av kommunen, med unntak av renter og avdrag på investeringar som er gjort i tråd med fondet sitt føremål. Unntak er og løn til næringsjef eller tilsvarande for å forvalte fondet.

Det kan heller ikkje gjevast støtte til verksemdar for å dekke avdrag og renter på lån eller dagleg drift.

Det bør ikkje gjevast støtte til verksendar som får betydelege overføringar over statsbudsjettet.

§ 3 Støtteformer.

Støtte kan gjevast i form av lån og tilskott.

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemdar. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjøre meir enn 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleigebygg og liknande som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

§ 4 Forholdet til internasjonale forpliktelser på statsstøtteområdet.

Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

§ 5 Forvaltning.

Ved forvaltning av fondskapitalen skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet. Renter og avdrag tilbakeførast til fondet.

§ 6 Årsmelding og rapporteringsplikt

Det skal leggjast fram ei melding om fondet si verksemd for kommunestyret kvart år. Gjenpart av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 7 Godkjenning av vedtekter.

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen. Kopi av godkjente vedtekter skal sendast fylkeskommunen.

Vedteke i kommunestyresak.....

Godkjent av fylkesmannen i brev av.....